

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 13.07.17

Vår ref. 681/17/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref.

Radøy kommun (ref. 17/1210-17/7940)
v/ Rolf Raknes

Fiskeridirektoratet region Vest

E-mail

RADØY, MANGERVÅG – PLANENDRING.

Viser til brev av 19.06.17, med vedlegg, frå Radøy kommune vedkomande ovannemnde sak.

Det er her søkt om reguleringsendring i høve Mangersvåg kloakkanlegg, PlanID 12602017000600.

Det er tatt med eit område i sjø ved den kommunale kaien, der leidningar skal takast inn/ut har ein fått opplyst pr. telefon.

I kommuneplanen er sjøområdet sett av som hamn.

Fiskarlaget Vest viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det ikkje er registrert fiskeriinteresser i reguleringsområdet.

Utanfor Mangersvågen er det registrert område for passiv reiskap (lange, brosme, sei og lyr). Det blir òg fiska i område som ikkje er registrert.

Fiskarlaget Vest har ikkje merknader til reguleringsplanendringa under føresetnad av at den ikkje kjem til hinder for fortsatt bruk av den kommunale kaien.



I tillegg må ikkje leidngane i tilknytning til anlegget på land leggjast slik at det blir til hinder for fiske.

Til slutt vil ein gjere merksam på at kysten utgjer sjølve grunnlaget for norsk sjømatnæring. Våre viktigaste gyteområde, oppvekstområde og fiskeområde ligg her. Sjømatnæringa og Regjeringa har ein felles visjon om at Norge skal bli «verdens fremste sjømatnasjon». For å oppnå dette er ein heilt avhengig av et godt havmiljø med reine og produktive sjøområde, noko som er avgjerande for kvalitet, mattryggleik, omdøme og marknadsvardi for norsk sjømat. Ein forutset òg at forureining frå området blir avgrensa mest mogeleg.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebo

Britt Sæle Instebo

Kopi; Nordhordland Fiskarlag
Fylkesmannen i Hordaland




FISKERIDIREKTORATET

Sver

N60.64194, Ø5.03782

50m



*lange
brøme,
sør,
lyr*



Fiskarlaget Vest

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/1210 - 17/7940

Saksbehandlar:

Rolf Raknes

rolf.raknes@radoy.kommune.no


Dato:

19.06.2017

Plansak_12602017000600_planendring_Mangersvåg kloakkanlegg_kunngjering oppstart

Melding om oppstart av reguleringsplanarbeid i Radøy kommune

Radøy kommune gjer med dette i samsvar med § 12-8 i plan- og bygningslova melding om at det vert starta arbeid med utarbeiding av detaljreguleringsplan for Mangersvåg kloakkanlegg, PlanID 12602017000600.



Området er på om lag 1.3 dekar og vil i hovudsak verte regulert til offentleg areal, næring og infrastruktur.